

No vil han organisere hjelp til trengande

I mai diskuterte Sunnfjord kommunestyre handlingsplan mot barnefattigdom. Det kom fram at det er om lag 200 born som kan kallast fattige i kommunen.

I debatten om handlingsplanen lanserte Terje Johan Helgheim (Frp) ideen om å få til ei ordning der mat som er på veg til å gå ut på dato, kunne brukast til å hjelpe dei som slit med å få endane til å gå i hop.

Organisering

- Det bør vere anna enn øl i kjøleskapet, sa Helgheim i debatten i kommunestyret.

Der fekk han kritikk frå både SV og Raudt for framleggget sitt om «matkasser» til trengjande familiar.

Men Helgheim har på ingen måte lagt tankane på hylla, og gjennom sommaren har planane konkretisert seg i det som snart blir ein organisasjon av frivillige som, om alt går etter planen, skal distribuere mat til dei som måtte trenge det i Sunnfjord og kringliggjande område.

- Vi har allereie fått på plass sju menneske i ei lukka gruppe på Facebook der vi diskuterer opplegget. Det meste er i ferd med å falle på plass og vi nærmar oss eit stiftingsmøte der statuttar og retningslinjer skal fastsetjast, fortel Helgheim som ser føre seg ei organisering lik den KIL-fondet i Bergen brukar.

KIL står for kjærleik, inkluderande og likeverd. Det handlar om ein organisasjon av frivillige som distribuerer mat og andre ting til trengjande familiar i Bergen og omland.

Skal hente i Bergen

KIL-fondet i Bergen hentar matkasser på Matsentralen, ein organisasjon som Kirkens bymisjon, Frelsesarmeén, Blå Kors, Robin Hood-huset og Raude Krossen står bak.

Matsentralen er etablert i fleire større byar og den som heiter Matsentralen Vestland vart skipa i 2017. Sentralen samlar inn overskotsmat frå matvarebransjen, mat som elles ville blitt kasta. Maten blir så fordelt vidare til dei som måtte trenge det, og sentralen i Bergen fordelede i fjor 411 tonn mat.

- Vi kjem til å bruke Matsentralen i Bergen og såleis hente mat der, fortel Helgheim som sjølv er frå Bergen og kjenner litt til korleis ordninga fungerer der.

- Kvifor reise så langt når det sikkert er råd å få tak i mat nærmare?

- Skal vi samle inn og lagre sjølve, kjem vi inn under Mattilsynet sine reglar og det vil krevje kjølelager. Slikt har vi ikkje, og dermed vil det enklaste vere å hente i Bergen. Men det kostar sjølvsagt, så vi må få tak i nokre sponsorar som kan hjelpe oss med desse transportutgiftene. Det handlar om ein knapp tusenlapp for ein tur til Bergen og tilbake, fortel Helgheim.

Kjøleskåpet går først

- Kven er målgruppa for dette opplegget?

- Det er barnefamiliar, minstepensjonistar, arbeidslause og andre som av ulike årsaker slit med økonomien. Når økonomien skrantar, er det så godt som alltid kjøleskåpet som først får merke det. Det gjeld å halde fasaden; ha dei riktige kleda på ungane og dei rette telefonane, svarar Helgheim som er klar på at hjelpeapparatet han ønskjer å etablere skal vere fritt for bindingar til partipolitikk og livssyn.

Han ser også at det ikkje vil vere råd å hjelpe alle, men håpar å kunne glede i all fall nokre.

- Eg voks opp med ni søsken og lærde å ta ansvar. Eg har alltid hatt tanke for dei svake mellom oss, enten det gjeld menneske eller dyr. Eg vil bli veldig lukkeleg om vi klarar å hjelpe nokre av dei familiene som vi veit slit.

- Mange meiner at det å dele ut matkasser vil verke stigmatiserande for dei som tek imot, og at det ville vere betre å auke offentlege støtteordningar som barnetrygd. Kva seier du til dei?

- Dersom fattigdomen skuldast rus eller spel, vil auka trygder berre gå til meir rus og meir spel. Kjøleskåpet ville ikkje bli fullare av det, meiner Helgheim som er oppteken av at dette skal vere ei frivillig sak også for dei som blir mottakarar.

- Vi skal ikkje prakke på dei noko som helst. Dei som ønskjer hjelp må ta kontakt.

Kven skal få?

- Korleis har de tenkt å skaffe dykk oversikt over kven som kan vere aktuelle mottakarar av desse matkassene?

- Det er eit godt spørsmål. Vi får ikkje lister frå NAV eller kommunen, så vi må nok basere oss på andre kanalar. Elles er det meiningsa at dette skal vere eit lågterskeltilbod, men før eller seinare må vi kanskje setje nokre økonomiske grenser, seier Helgheim som peikar på at kva som er fattigdom og ikkje, er eit relativt omgrep.

- 200.000 kroner kan vere nok for somme, men alt for lite for andre. Men i utgangspunktet må dette baserast på tillit, og at alle som ber om det vil få hjelp, så langt vi maktar.

- Det kostar å hente mat i Bergen. Korleis skal desse turane finansierast?

- Ja, det kostar og vi må ha inn sponsorar. Vi bør ha inn 5-6000 kroner kvar månad for å dekke køyreutgifter, både turane til Bergen og distribusjonen ut til brukarane. På sikt, når vi får alt på stell, kan det også bli aktuelt med grasrotandel, svarar Helgheim som er innstilt på å ta turane til Bergen for eiga rekning i starten.

- Eg har familie der, så eg kan kombinere nokre turar med besøk til dei.

Også dyr

Terje Johan Helgheim ser også føre seg at det kan bli aktuelt å samle inn også andre ting enn mat, på same måte

som KIL-fondet i Bergen.

- Det kan vere klede, sko, sportsutstyr, elektronikk eller kva som helst som kan få ny eigar i staden for å ende på ein avfallsstasjon. Det kan også bli aktuelt å samle inn mat til kjæledyr, for vi veit at i ein vanskeleg økonomisk situasjon kan det også gå ut over dyra, både når det gjeld mat og veterinærtilsyn.

Helgheim er også oppteken av at utdelinga av matkasser skal gå føre seg diskret, med bilar utan noko form for merking, og han oppfordrar alle som har lyst til å vere med om å melde seg.

- Får vi til dette, vil det styrke kommunen sin identitet. Det er nemleg slik at ein kommune ikkje er sterkare, eller har det betre enn det svakaste leddet. Her handlar det om det svakaste leddet mellom menneske, avsluttar ein entusiastisk jølstring som gjer det klart at dette opplegget skal vere eit supplement til offentlege hjelpeordningar, ikkje kome i staden for.

Image-text:

Terje Johan Helgheim vil få i gang eit frivillig hjelpeapparat for barnefamiliar med vanskeleg økonomi i Sunnfjord og omland. Foto: Hallstein Dvergsdal